



NORGES
SKIFORBUND



equinor



Invitasjon Equinor Norgescup og NM sprint junior

På vegne av Norges Skiforbund har idrettslaga på Voss glede av å invitera til Equinor Norgescup og NM sprint junior i Voss Ski og Tursenter 14.-16. januar 2022

INFORMASJON TIL DELTAKARAR

Rennprogram

Dag	Klasser	Øvelse	Start fra kl.
Torsdag 13. januar		Trening	Kl. 09:00-18:00
Fredag 14. januar	Alle guteklassar:	10 km friteknikk	Kl. 10:00
	Alle jenteklassar:	5 km friteknikk	
	Startrekkefølge:		
	Gutar 17 år:		
	Gutar 18 år:		
	Gutar 19/20:		
	Jenter 17 år:		
	Jenter 18 år:		
	Jenter 19/20 år:		
		Trening	Kl. 15:00-19:00
Lørdag 15. januar	Alle guteklassar:	Sprint friteknikk	Kl. 09:00
	Alle jenteklassar:	Sprint friteknikk	
	Startrekkefølge:		
	Gutar 17 år:		
	Gutar 18 år:		
	Gutar 19/20:		
	Jenter 17 år:		
	Jenter 18 år:		
	Jenter 19/20 år:		
		Trening	Kl. 16:00-19:00
Søndag 16. januar	Alle guteklassar:	Klassisk	Kl. 08:30
	Alle jenteklassar:	Klassisk	
	Startrekkefølge:		
	Gutar 17 år:	10 km	
	Gutar 18 år:	10 km	
	Gutar 19/20:	15 km	
	Jenter 17 år:	7,5 km	
	Jenter 18 år:	7,5 km	
	Jenter 19/20 år:	10 km	

Soner med forbod mot staketeknikkar

Rennet sin jury har beslutta å innføre sone(r) der berre diagonalteknikk med diagonalrørsler med både armer og bein er tillete. I diagonalteknikk er berre ein stav i bakken til ei kvar tid. Alle andre teknikkar er ikkje tillete.

Soner vil bli tydeleg markert (start og stopp), og funksjonærar med video samt jurymedlemer vil sjekke om regelen blir broten. I tilfelle regelbrot så vil jury sanksjonere utøvarer i henhold til regelboka.

PÅMELDING/TREKNING/STARTNUMMER

Påmelding

All påmelding til rennet vert gjort online via Minidrett.nif.no.

Påmeldingsfristen er **søndag 9/1 - 2022 kl. 23.59**. Påmeldingslister vert lagt ut på heimeside måndag 10/1-22. Korrigeringer må snarast meldast til nc2022@skivoss.no

NB: Ingen etteranmelding.

Startkontingent

Startkontingent kr. 150 per øving NC

Startkontingent kr. 200 NM sprint

Denne vert betalt ved påmelding via Minldrett.

Skilisens/FIS-kode

Alle løpere må ha underskrevet FIS Athletes Declaration og ha gyldig forsikring/skilisens for å kunne delta. Eingongslisens kr. 60 per øving for løpere under 26 år.

Startlister

Startlister vert lagt ut på arrangementet si heimeside <http://www.skiforbundet.no/voss/> - umiddelbart etter trekning og hengt opp på skistadion.

Startnummer

Startnummer blir utdelt ved personleg oppmøte på stadion på renndagen.

Manglande tilbakelevering av startnr blir fakturert kretsen med kr. 500 pr. startnr.

Tidtaking

EMIT tidtakersystem vil bli benytta. Hugs å ta med eiga TIDTAKERBRIKKE.

Løparar som har gløymt si EMIT-brikke, kan leige reservebrikke på rennkantoret mot eit gebyr på kr 100 pr. dag. Manglande tilbakelevering av brikke fakturerast kretsen med kostpris.

Brikketest utførast ved inngang til start og defekt brikke blir erstatta umiddelbart med leigebrikke frå arrangør.

RESULTATLISTER

Resultatlistar vert lagt ut på arrangementet si heimeside.

PREMIEUTDELING

Premieutdelingen vil foregå i Voss Ski og Tursenter 20 minutt etter avslutning av klassen.

Premieseremoni for dei 6 beste i kvar klasse på stadion. NB: Personleg oppmøte på podiet for å motta premie (ref. NSF).

Deltakarpremie til alle.

DOPINGKONTROLL

Deltakere i Equinor Norgescup og NM sprint for junior kan bli tatt ut til dopingkontroll.

Informasjon om arena, løyper mv.

RENNKONTOR

Rennkontoret er på Scandic hotel - onsdag og torsdag

Onsdag 12. januar 17:00 – 20:00

Torsdag 13. januar: 11:00 – 20:00

Rennkontoret er i arenabygget på skistadion – fredag - søndag

Fredag 14. januar: 08:00- rennslutt
Lørdag 15. januar: 07:00- rennslutt
Søndag 16. januar: 07:00- rennslutt

LØYPEKART, PROFILER OG ARENAKART

Løypekart, løypeprofiler og arenakart vert lagt ut på arrangementet si heimeside <https://www.skiforbundet.no/voss/arena---og-loypekart/>.

KAFÉ

Det vil vera open kafeteria i skianlegget alle renndagar og under offisiell trening på torsdag.

Åpningstider:

Torsdag: 12:00 – 18:00
Fredag: 08:30 – 17:00
Laurdag: 08:30 – 17:00
Søndag: 08:30 – rennslutt

SMØREBUER

Arrangøren tilbyr leige av smørebuer i hall og evt brakke/telt, og plass til smørevogner og smøretelt. Kvar smørebu/smørevognplass har tilgang til 1 stk 16A strømkurs.

Leige kr 9.000 for smørebu, kr 6.000 for smøretrailer/lastebil og kr 4 – 6.000 for plass til smørevogn/telt (Opptil 10 m2, over 10 m2). Leiga inkluderer parkering for ein bil per bu/plass.

Bestillingsfrist er 1. desember 2021. For ytterligare informasjon og bestilling gå til <http://www.skiforbundet.no/voss/smorboder/>.

PARKERING

Alle parkeringsplassar ligg ved skistadion. Parkeringsavgiften er kr 100 per dag og kr 300 frå torsdag til søndag. Dette inkluderer også vegavgift for desse dagane.

Parkeringsbevis kan kjøpast på førehand på Vipps nr. **716195**. For å spare tid ynskjer me at flest mogleg gjer dette. Vert og seld ved skistadion.

Parkeringsbevis til bestilte smørebuer og smørevogner vert delt ut ved parkeringa.

NB: Vegen opp til skianlegget er smal og det vert oppfordra til at alle viser hensyn og køyrer forsiktig.

GARDEROBE / DUSJ

Det er ikkje garderobe og dusj i skianlegget.

Informasjon om arrangementet

KONTAKTPERSONAR / TD / LAGLEIARAR

Funksjon	Namn	Telefon	E-post
Org.leiar	Anne Maria Langeland	90128721	amlangeland@hotmail.com
Rennleiar	Arnstein Aas	90798917	Aas.arnstein@gmail.com
Ass.rennleiar	Lars Terje Tveito	91918583	littveito@gmail.com
Rennsekretær	Lars Krangnes	41920258	lars@cautusgeo.com
Leiar rennkontor	Ranveig Iversen	98400308	ranveigi@online.no
Løypesjef	Rune Magnar Røthe	95043836	runerothe@gmail.com
Arenasjef	Harald Tveito	91118100	tveito.harald@gmail.com
Serviceområde	Tommy Andre Vik	41794104	tommy@tovielektro.no
Informasjon web	Lars Krangnes	41920258	lars@cautusgeo.com
TD	Arne O. Vedvik	90067657	arneotto@sylandventure.no
Ass. TD			
Ass. TD			

Lagleiarar frå kretsane

Me ynskjer at kretsane melder inn namn, mobilnummer, e-postadresse og bosted under arrangementet for sine kontaktpersonar/lagleiarar om noko uforutsett skulle inntreffa. **Frist 1. desember 2021.**

Dette sendes på e-post til nc2022@skivoss.no

LAGLEIARMØTE

Det vert lagleiarmøte på Scandic hotell i Voss sentrum torsdag 13. januar kl. 18.00

JURY

Eventuelle protester leveres skriftlig på eget skjema til rennsekretær, gebyr kr. 250.

Jury er TD, Ass. TD og rennleiar.

OVERNATTING

Skiforbundet har sendt ut informasjon til den enkelte krets om fordeling av overnattingsplasser.

NSF har vedtatt regler for korleis booking skal foregå. Reglane for dette finn du [her](#).

MOBIL OG DATA

I skianlegget er det 4G+ frå Telenor og Telia.

OM VOSS SKI OG TURSENTER

Voss Ski og Tursenter ligg i Voss kommune i Hordaland. For info sjå www.skivoss.no
Skistadion ligg på ca 500 moh og er 10 km frå Voss sentrum

Skianlegget vert eigd og drifta av eigarlaga. Eigarlaga er Voss IL, IL Viljar, IL Vargar, Bjørgum IL, IL Ørnar og Voss skiskyttarlag.

Skianlegget kan tilby FIS-godkjente løyper, skiskytterbane og asfaltert rulleskiløype.

Anlegget har i tillegg løypemaskin, snøproduksjonsanlegg, arenabygg, arenahus, garasje og hall med smørebuer.

Værvarsel for skianlegget finner dere her - [Nonshaugane](#) eller ved å søke på "Nonshaugane" og velge "Haug, Voss (Hordaland)" på yr.no. Nonshaugane ligg i løypetraseen i nærleiken av stadion.

RETUR TIL FLESLAND SUNDAG ETTERMIDDAG

På søndag ettermiddag er det mange frå bergensdistriktet som har hytte på Voss som skal heim att. Ein må difor rekne kø og god tid for retur til Flesland

Arrangementet si heimeside: <http://www.skiforbundet.no/voss/>

Velkomen til Equinor Norgescup og NM sprint junior i Voss Ski og Tursenter

Arnstein Aas

Anne Maria Langeland

Asgeir Moberg

Rennleiar

Leiar orgkom

For NSF
